



Tarjei Vesaas og norsk litteratur i Nazi-Tyskland

Tarjei Vesaas and Norwegian Literature in Nazi Germany

Narve Fulsås

Professor i historie ved UiT Noregs arktiske universitet og forskar II ved Nynorsk kultursentrum.

Han har publisert bøker og artiklar om nordnorsk historie, universitetshistorie, historiografi og kulturhistorie. Han var redaktør av brevbinda i *Henrik Ibsens skrifter* (2005–10) og har saman med Tore Rem skrive *Ibsen, Scandinavia and the Making of a World Drama* og redigert *Ibsen in Context*, begge på Cambridge University Press.

narve.fulsas@uit.no

Samandrag

Artikkelen undersøker publiseringshistoria til Tarjei Vesaas i Nazi-Tyskland. Det nye materialet den tilfører, er i hovudsak basert på materiale etter Det litterære byrå på Lillehammer, ein aktør som knapt er nemnd i norsk litteratur- og bokhistorie. I det transnasjonale og bokhistoriske perspektivet som dette opnar, får vi eit breiare, meir differensiert og delvis anna bilete av Vesaas og nazismen enn det som har dominert i litteraturvitskapen, og som har vore mest konsentrert om kritisk nærlesing av Bufast-bøkene. Artikkelen drøftar Vesaas' forhold til Tyskland og nazismen og undersøker aktørane som var med i dei tysk-norske litterære forretningane, handlingsrommet deira og korleis dette endra seg med «arisering», einsretting, krig og okkupasjon.

Nøkkelord

Tarjei Vesaas, omsetjing, norsk litteratur på tysk, nazistisk litteraturpolitikk, Blut und Boden, Det litterære byrå

Abstract

The article examines Tarjei Vesaas's publishing history in Nazi Germany. It offers new material, largely from the archive of Det litterære byrå in Lillehammer, a literary agency hardly noticed in Norwegian literature or book history. This opens transnational and history of the book perspectives that give us a broader, more differentiated, and partly different picture from that emanating from close readings of his Bufast books. Vesaas's attitudes towards Germany and Nazism are analyzed, as well as the agents involved in the German-Norwegian literary business, their space of action and how it changed with *Arisierung*, *Gleichschaltung*, war and occupation.

Keywords

Tarjei Vesaas, translation, Norwegian literature in German, Nazi literary politics, Blut und Boden, literary agencies

Tyskland hadde vore hovudvegen til verda for norske forfattarar på 1800-talet, og heldt fram med å vere det inn i det neste hundreåret. For nokre, slik som for Tarjei Vesaas, var tysk jamvel det fyrste språket dei blei omsette til. Vesaas budde i Tyskland i lengre periodar frå 1925, og det var eit tilfeldig møte på ei reise i 1932 som leidde til dei fyrste publikasjonane, på forlaget Styria i Graz i Austerrike. Dei gav ut novellesamlinga *Klokka i haugen* i 1935 (*Die Glocke im Hügel*), *Dei svarte hestane* i 1936 (*Die schwarzen Pferde*) og fyrste delen

av *Grindegard. Morgonen* i 1938 (*Sigurds Acker*). I 1937 gav Berlin-forlaget Universitas ut begge Bufast-bøkene: *Det store spelet* (*Das große Spiel*) og *Kvinnor ropar heim* (*Eine Frau ruft heim*). I 1939 følgde dei opp med ein revidert versjon av *Hjarta høyrer sine heimlands-tonar* (*Wächter seines Lebens*). Alle desse tyske omsetjingane kom før Vesaas blei omsett til eit anna skandinavisk språk; det skjedde fyrst i 1943, då *Kimen* (1940) kom ut i Danmark under tittelen *Nattevagt*.

Halldis Moren Vesaas skriv i minneboka *I Midtbøs bakkar* at «[d]a eit Berlin-forlag spurde om å få gi ut *Det store spelet*, var Tarjei sterkt i tvil [...] i Bufast-bøkene fanst det somt som stemte altfor godt med Blut-und-Boden-romantikken», og det var «med blanda kjensler» dei tok imot den tyske utgåva (H.M. Vesaas 1974, 67–68). Olav Vesaas har vist i biografien om faren at utgjevingshistoria var meir innfløkt. Tarjei Vesaas var svært interessert i Universitas-utgåvene, så interessert at han i 1936–37 sa nei til å skrive under opprop initierte av den antinazistiske forfattarfløya i Noreg. Eitt av dei var «Ossietzky-oppropet» retta mot Knut Hamsun. Vesaas viste til «serlege tilhøve» og forklarte til Nini Roll Anker i 1937, truleg i samband med eit anna opprop som han heller ikkje signerte, at han «hadde omtrent ikkje noko val» på grunn av dei tyske Bufast-utgåvene. Han kunne ikkje risikere å bli rekna til «statens fiendar» og at bøkene blei stoppa. Då hadde han lurt «ein fatig Oslo-lyriker» – Emil Boyson – som var med på omsetjinga, og som trong honoraret, og han hadde heller ikkje råd til å betale tilbake det store forskotet han hadde fått:

Nazist vonar eg då at eg aldri skal bli. Men eg er glad i det tyske *folket*, og vilde gjerne få bøkene mine ut der. [...] Hadde det ikkje vore for at noken kunde koma til å heilt uskuldig lide skade ved det, so vilde eg nok teke risken på å koma på svartelista hos Gestapo. Eg hev for lang tid sidan mått lært meg til at bøkene mine ikkje kjem ut blant folk og blir lesne, so eg kunde nok venta litt til at skrekkveldet var over. At eg med meg sjølv veit dette, lyt eg ha å stive meg upp med i denne skammelege soga. (Sitert i O. Vesaas 1995, 184–85)

Vesaas var altså villig til å ofre litterær autonomi heime til fordel for framgang i Nazi-Tyskland. Korleis hadde han kome i ein slik situasjon?

Eg skal presentere ein del nytt materiale om dei tyske litterære forretningane til Vesaas som kan vere med å svare på dette. Ein stor del er frå arkivet til Det litterære byrå på Lillehammer, ein aktør som knapt er nemnd i norsk litteratur- og bokhistorie. Dette materialet gjev oss for det fyrste eit transnasjonalt perspektiv på norsk litteratur, og med det ei anna periodisering og forståing enn vi får i ei reint nasjonal historie. Tore Rem, Espen Søybye og Kjartan Fløgstad (2020, 36) skriv at det norske litterære feltet etter okkupasjonen i 1940 blei kløyvd i tre system: det tradisjonelle, det nazistiske og det illegale. Ser vi transnasjonalt på det, så hadde mange norske forfattarar operert både i eit «tradisjonelt» og i eit nazistisk system i fleire år. Dette innebar forhandlingar mellom litterær innan- og utanrikspolitikkk som kunne vere kompliserte, slik Ossietzky-saka er eit døme på, og som for Vesaas heldt fram heilt til krigsslutt.

For det andre tilbyr dette materialet eit i vid forstand bokhistorisk perspektiv på Vesaas' forhold til nazismen, eit perspektiv som omfattar internasjonal litterær sirkulasjon, mellommenn, omsetjing, publisering og lesing. Det gjev eit breiare, meir differensiert og delvis anna bilete enn det som har dominert den litteraturvitskaplege debatten, som har vore mykje konsentrert om kritisk nærlesing av Bufast-bøkene.

Den tyske vegen til verda

Forfattarar i «små» litteraturar er avhengige av omsetjing for å nå «verda», medan «store litteraturar» verkar nærast sjølvtilstrekkelege (jf. Bourdieu 1996 og Sapiro 2014). Ein tysk, for ikkje å tale om ein engelsk eller fransk forfattar, ville aldri ha skrive om kor viktig det var for

han eller henne å kome ut på norsk. Ein hovudgrunn til denne asymmetrien er svært praktisk: det var ikkje mange forlagskonsulentar og andre litteraturkunnige som las skandinavisk, ein nådde mykje lenger om det fanst ei tysk omsetjing å vise fram.

Med den nazistiske maktovertakinga i 1933 blei den tyske vegen gjort endå breiare. Nazistane politiserte internasjonale litterære relasjonar på måtar som privilegerte nordiske forfattarar. Utanlandsk litteratur blei i utgangspunktet sett på som noko trugande som kravde streng overvaking og kontroll. Naziregimet greidde likevel ikkje å få ned importen i fyrste omgang, og engelsk heldt fram med å vere det dominerande «kjeldespråket». I denne situasjonen blei litteratur frå skandinaviske *Blutsverwandte* sett som ei motvekt. Kate Sturge har for heile perioden 1933–1944 talt 1551 omsetjingar frå engelsk (av dei 173 frå amerikansk) og 438 frå fransk. Men like bak kjem 418 omsetjingar frå norsk, 244 frå dansk og 234 frå svensk (Sturge 2004, 60–61). Tala omfattar både fyrsteutgåver og opptrykk, men er likevel minimumstal (Van linthout 2021, 13–14). Dei burde uansett vere representative for proporsjonane og såleis vise at Noreg ikkje berre fekk rolla som fiske- og aluminiumseksportør, men òg som litterær stormakt i den nye nazistiske arbeidsdelinga i Europa.

Med krigen kom det allment forbod mot britisk samtidslitteratur, og dei skandinaviske språka gjekk forbi engelsk som kjeldespråk frå 1940 (Sturge 2004, 60). 1940–44 kom 30 norske forfattarar ut på tysk i til saman 179 utgåver. Det dekkjer rett nok over ein sterk konsentrasjon, der Knut Hamsun (65) og Trygve Gulbrandsen (25) står for halvparten. Dei to var dei mest trykte av alle utanlandske forfattarar i Det tredje riket. Av andre er det berre Barbra Ring (17) og Olav Duun (11) som når tosifra tal i krigsåra, medan halvparten berre er representert med éin tittel.¹ Men det må òg leggjast til at barnebøker ikkje er med i dette materialet, og dermed heller ikkje Marie Hamsun, som i likskap med ektemannen blei hyppig publisert på tysk under krigen.

Det litterære forholdet til Norden prøvde nazistane å institusjonalisere gjennom Nordische Gesellschaft og forfattarhuset det hadde i Travemünde (Almgren, Hecker-Stampehl og Piper 2008; Mertanen 2011). Alfred Rosenberg, den fremste representanten for ideen om nordisk «rasefellesskap», blei «Schirmherr» der, og i 1934 blei forfattarhuset innvigd. Leiar i Den norske Forfatterforening, Johan Bojer, deltok ved opninga og talte varmt om kor viktig Tyskland hadde vore for norsk litteratur. Han blei skarpt kritisert av mellom andre Arnulf Øverland og Helge Krog. I 1935 reiste Tore Ørjasæter ned som den siste representanten oppnemnd av foreininga (Brochmann 1952, 407–412).

Kor passar Vesaas inn i desse samanhengane? Vi kan for det fyrste slå fast at han ikkje var mellom dei norske bestseljarane i Tyskland, verken før eller under krigen. Elles var Vesaas definitivt tyskvenleg, og han kom med harde utfall mot Frankrike, som i brev til Halldis i 1933: «Det er Tyskland som skaper alt nytt i Europa, medan Frankrike berre lever for å hata ein nasjon som dei ikkje sjølve kan hamle upp med» (sitert i O. Vesaas 1995, 152). Det er likevel vanskeleg å finne spor av at dette også omfatta bestemte tyske, konservative eller nazistiske idear om litteratur. Heming Gujord skriv at Olav Duun var prega av tyske *völkisch*-idear: «Etter debuten i 1907 blir den tyske Heimat-litteraturen, forstått som et fellesgermansk prosjekt, et naturlig orienteringspunkt for en norsk forfatter som vil ut i verden» (2004, 152). Vesaas uttrykkjer aldri noko slikt på trykk eller i brev, i alle fall ikkje i det som er kjent. I det fyrste brevet til det som skulle bli hans litterære agent, Eilif Moe, skreiv han i 1936: «[E]g [er] glad for at romanen no kjem på tysk. Gjennom eit par års opphald i Tyskland, serleg i Muenchen og Köln, er eg bliven glad i denne nasjonen.»² Det er så langt han

1. Kate Sturge, <https://www.iudicium.de/katalog/771-8.htm>.

2. T. Vesaas, Brev til E. Moe, 09.11.1936, OA, Dlb, Boks 23:1.

går i å formulere seg om sitt litterære forhold til Tyskland. Vesaas skreiv heller ikkje om litteratur på ein måte der «nasjonalt» og «folkeleg» blei gjennomgåande stilt opp mot «framandt», og vi har alt sett at han oppfatta seg som ein «smal» forfattar som ikkje kom «ut blant folk».

Travemünde kan ha vore det mest utfordrande, for her stod han i eit visst krysspress. Dagbladet og den antinazistiske fløya i Forfatterforeningen stempla forfattarutvekslinga der som eit reint naziinstrument, medan to av Vesaas' næraste litterære venner, Tore Ørjasæter og Mikkjel Fønhus, pressa på for å få han til å reise. Det er blitt framstilt slik at Ørjasæter var «immun» mot nazistisk påverknad, og at han reagerte med «vemmelse» på å bli gjenstand for germansk rasekult (Brochmann 1952, 412; Ringdal 1993, 152). I røynda hjalp han det tyske vertskapet med å prøve å rekruttere Vesaas etter at foreiningsvegen var stengd. «Det er eit fin-fint stelle ved havet å bu på», skreiv han til Vesaas i 1936, året før dei blei personleg kjent; «[d]ertil høyrer det med nokon reiser gjennom landet, tenkjer eg meg. Eg har berre godt å segja um det.»³ Fønhus var i Travemünde i 1937 og skreiv året etter til Vesaas: «Tyskernes hjertelighet kjenner du fra før. Og du vil se at det er et annet Tyskland du treffer enn det Dagbladet ljuger om, planlagt og konsekvent løgn» (sitert i O. Vesaas 1995, 186). Enno sommaren 1939 vona Ørjasæter at Vesaas skulle nedover.⁴

Det er ikkje kjent at Vesaas nokon gong planla å reise til Travemünde. Men det stod altså ikkje på oppmuntring frå nokre av hans næraste venner og kollegaer.

Blut und Boden

Kva med nazielement i litteraturen til Vesaas? Eg skal ikkje gå inn i noka litterære analyse, berre slå fast at fleire har meint å finne det same som Halldis Moren: «somt som stemte altfor godt med Blut-und-Boden-romantikken». I 1977 presenterte Walter Baumgartner ei dekonstruktiv lesing av Bufast-bøkene. Han trekkjer fyrst fram ei rekkje element hjå Vesaas som også er typiske for tysk *Blut und Boden*-litteratur, som eit tidlaust, ahistorisk verdsbilete, ei inhuman, funksjonalistisk framstilling av kvinner og erotikk, ein autoritær, patriarkalsk familiestruktur og ein tilbakeskodande utopisme. På same tid meiner han at dette manifeste innhaldet blir undergrave av ein psykologisk realisme som viser korleis «gardens lov» øydelegg individet. Denne siste tendensen blir den klåre norma i *Kimen*, med nøkkelsetninga «Villskap må ikkje tolast» (Baumgartner 1977). Eirik Vassenden er samd i å stille *Kimen* opp mot *Det store spelet*, men innvender at denne seinare romanen ikkje kan brukast til å «berge» den tidlegare, og at den psykologiske kompleksiteten i Per Bufast ikkje er nok til å undergrave «det delvis nådeløse verdens- og menneskesyn romanen forvalter» (Vassenden 2012, 404).

Utan å ta stilling til desse lesingane kan vi slå fast at det også i samtida var lesarar som identifiserte nazielement i Bufast-bøkene. I ein kritikk av kvinneskildringane skreiv Mimi Sverdrup Lunden at «med sterk, nesten nazistisk henførelse skildrer han sine kvinners liv, hennes fødevirksomhet, hennes melkeprodusering, hennes vask og slit» (sitert i Vassenden 2012, 380). Frå motsett kant skreiv Ørjasæter at Vesaas ville få «ei stor framtid i Tyskland», og at *Det store spelet* «møter det gode ved det moderne nazityskland – for det finst ikkje så lite som er verkeleg godt i denne rørsla der nede. M.a. det primitive opphavlege med ny bureising og attende til foretid og naturi og alt det der».⁵ Universitas fekk ei svært positiv fråsegn frå Reichsstelle zur Förderung des deutschen Schrifttums om *Das große Spiel*, der

3. T. Ørjasæter, Brev til T. Vesaas, 28.07.1936, NBO, Brevs. 553.

4. T. Ørjasæter, Brev til T. Vesaas, [28.06.1939], *ibid.*

5. T. Ørjasæter, Brev til H.M. og T. Vesaas, [02.12.1937], *ibid.*

det mellom anna heitte at romanen var ein sjeldan klår «lovsong til bøndene, arbeidet deira og til jorda». ⁶ Formålet til dette organet var å reinske bokmarknaden for den «entartete» litteraturen frå «systemtida» og å fremje den «artseigne tyske litteraturen» (Barbian 2015b, 97).

Det var Max Tau som introduserte forlaget for romanen, og han var heller ikkje ein garanti mot slike lesemåtar. Gujord har vist at gjennom Taus formidling var Duuns *Juvikfolket* blitt sett «i direkte kontakt med den konservative revolusjonens fortolkningshorisont» (2004, 274). Tau skreiv om Duun i konservative, antidemokratiske tidsskrift, stilte han opp som eit positivt motstykke til Joyce, og hadde elles ein forfattarstall som, er det blitt hevda, var «kollektivt predisponerte for nasjonalsosialismen» (ibid., 285).

Dette biletet av Vesaas som ein forfattar med affinitet til nazilitteratur, må likevel balanserast på fleire måtar. For det fyrste: *Blubo*-litteratur, som det gjerne blei kalla, opplevde eit oppsving i talet på titlar, men han var ikkje svært populær. Ingen tyske titlar i sjangeren er på lista over suksessromanar i Det tredje riket, og jamvel nazitoppar kunne klage over ei bølge av bøker som «lukta møkk» (Wittmann 2015, 312). Meir allment oppfatta tyske lesarar det at ei bok var utanlandsk, som eit kvalitetsstempel, og at sjølv om dei handla om bønder, landsbygd og jord, så var det i alle fall sjeldan rein nazivare (Adam 2010, 232). I oktober 1938 melde Universitas til Vesaas at dei vona å få til ei bokklubbutgåve av Bufast-bøkene. Dei meinte det var interessant å notere seg kor interessert bokklubben var, sidan «den overdrivne produksjonen av meir og mindre gangbar Blut-und-Boden-litteratur» snarare hadde verka mot formålet. ⁷

For det andre: Det var ikkje Bufast-bøkene som gjekk best av Vesaas-utgåvene i Tyskland. Forhandlinga om bokklubbutgåver av Bufast-bøkene ser ut til å ha stranda. Derimot kom *Wächter seines Lebens* ut både på Universitas og i bokklubbutgåve på Deutsche Buch-Gemeinschaft i 1936. *Die schwarzen Pferde*, som etter fyrsteutgåva i Graz i 1936 var del av det rikstyske litterære systemet, kom i 1942 både i nytt opplag på Styria og i bokklubbutgåve på Deutsche Hausbücherei. ⁸

Kva kan forklare at desse gjekk betre? *Dei svarte hestane* handlar om eit disharmonisk ekteskap, ikkje ein nazifavoritt, men historia er realistisk, dramatisk og spennande, kanskje det næraste Vesaas kom til å skrive ein underhaldningsroman. Den er tilsvarende nedvurdert i kritikken og i litteraturhistoria (Gimnes 2013, 265). Heime hadde boka nådd fleire lesarar enn nokon av dei tidlegare, og alt talar for at det er underhaldningsverdien som forklarar at den låg på topp også i Tyskland.

Hjarta høyrer sine heimlandstonar er det fjerde bandet om Klas Dyregodt, etter *Fars reise* (1930), *Sigrid Stallbrokk* (1931) og *Dei ukjende mennene* (1932). Trilogien tek opp sosial lagnad i den undergangsmodusen som lenge kjenneteikna Vesaas, som noko som trykkjer ned og stengjer inne i staden for å tilby fellesskap og mening. Det var bøker om «motstands-laust forfall», forklarte Vesaas sjølv, «og soleis negative i innstilling». ⁹ Klas greier å kome over sjølv mordstankar og innsjå at han trass alt «rår seg sjølv», men endar likevel opp, som forfattaren seinare sa, «stivna som død innvendes på ein damvaktarpost» (T. Vesaas [1963] 1997, 27). Etter dei tre forfallsbøkene, forklarte han, var *Heimlandstonar* «meir positiv, skilddrar vilja til å leva og halda uppe og vera med i den slitsame kvardagen. Det heng ihop med eit endra syn hjå bokskrivaren, og difor set eg meir pris på denne siste boki». ¹⁰

6. Avskrift vedlagt Universitas, Brev til E. Moe, 29.10.1937, OA, Dlb, Boks 23:1, alle omsetjingar frå tysk korrespondanse er mine.

7. Universitas, Brev til T. Vesaas, 26.01.1938, ibid.

8. [DNB, Katalog der Deutschen Nationalbibliothek](#).

9. T. Vesaas, Brev til E. Moe, 27.11.1938, OA, Dlb, Boks 23:1.

10. Ibid.

Det «endra synet» skuldast at Vesaas, som hadde brote med samanhengen han sjølv var fødd inn i då han som odelsgut sa frå seg garden for å bli diktar, likevel syntest at «den store samanhengen i livet» hadde gått opp også for han, «men på ein annan vis» (T. Vesaas [1963] 1997, 27). Det hadde skjedd ved at han hadde møtt Halldis Moren i 1931, at dei hadde gifta seg og flytt saman på Midtbø i Vinje i 1934, og at dei same året venta barn. Medan Per Bufast forsonar seg med den sosiale ordenen som garden og slekta representerer, blir Klas Dyregodt «med» ved å kome saman att med jenta han hadde avvist, og ved å akseptere sin vesle plass i den samfunnsmessige arbeidsdelinga som snikkar av kvar dags møblar. Han blei ikkje bureisar, og kanskje var den siste Klas Dyregodt-boka meir attraktiv for Tyskland enn Bufast-bøkene nettopp fordi det *ikkje* var ein bonde- og jordroman.

For det tredje kan det vere opplysnande å sjå på dei samtidige bøkene som ikkje var aktuelle for Tyskland. Mellom dei var dei tre fyrste Dyregodt-bøkene, som faktisk blei vurderte. Etter å ha vore i Berlin kunne Moe melde at omsetjaren, Oscar Weitzmann, var imot å gje ut trilogien, som han meinte var svakare enn Bufast-bøkene, og som han var redd kunne truge salet av desse. Derimot ville han altså gjerne gje ut den fjerde og siste, *Hjarta høyrer sine heimlandstonar*, som Weitzmann meinte var «en av Deres beste bøker».¹¹ Vesaas var samd i at trilogien var veikare enn Bufast-bøkene, «men at der er so mykje at det kunde verke øydeleggjande, det hadde eg ikkje akkurat tenkt».¹²

Det kunne kanskje ha vore annleis om lagnaden til Klas hadde vore knytt til slikt som «hamskiftet» i jordbruket, industrialisering eller klassekamp. Men det er han ikkje; trelastbyen ved utløpet av vassdraget er til dømes ikkje stilt opp som negativ motpol til jordbruksbygdene lenger oppe. Politikk er fråverande, utan at det kan tolkast som anti-politikk. Dessutan vurderte neppe forlaget ein «negativ» trilogi som kommersielt attraktiv. Vesaas var lei seg for at særleg *Fars reise* ikkje blei med, men gjekk med på at det «trass alt fær bli [‘Heimlandstonar’] som blir innsett».¹³

Sandeltreet, som kom året før *Det store spelet*, synest aldri å ha vore på tale. Den er om ein forfattarfamilie der faren strevar utan framgang med ei bok «um det å vera til». Mora er gravid, men får det for seg at ho ikkje kjem til å overleve sin tredje fødsel, og får med seg familien på ei planlaus reise for å sjå verda for siste gong, men med friske auge. Det endar med død i barsel og økonomisk ruin, men òg med eit nytt liv. *Sandeltreet* er eit motstykke til *Det store spelet* ved å stille reise- og heimlausmotivert opp mot bufastmotivet, men knapt på ein tydeleg negativt-kritisk måte. Som Steinar Gimnes skriv, er *Sandeltreet* ein open roman der intensjonen er uklår; han held den òg som formeksperimenterte på ein måte som problematiserer den vanlege faseinndelinga av forfattarskapen (Gimnes 2013; sjå òg Wærp 2009). Kommersielt var nok *Sandeltreet* heilt umogleg, og ideologisk kunne den knapt ha passert som anna enn eit avskrekkande døme på «individualisme».

Det pasifistiske skodespelet *Ultimatum* (1934) var heller aldri vurdert, og er interessant fordi det viser den sida ved Vesaas som distanserte han mest eksplisitt frå nazismen. Olav Duun var i Tyskland i 1914, og Gujord meiner han blei varig og positivt prega av euforien og «forbrødringsfesten» ved krigsutbrotet (Gujord 2004, 115–16). Den komande svigerfaren til Vesaas, Sven Moren, knytte i ein tale i 1925 krigseufori direkte til bufastideologi:

Det vart sagt om ungdomen i Tyskland og Frankrike før krigen at han var øydelagd, men vi såg då stormklokkone ringde, då sprang dei fram, då møtte dei og kjempa med eldhug og fall med glede for fedrelandet [...]. Heimløysa var den største ulukka i Europa under krigen. Det var i grunnen heimløysa som

11. E. Moe, Brev til T. Vesaas, 23. november 1938, *ibid.*

12. T. Vesaas, Brev til E. Moe, 27. november 1938, *ibid.*

13. T. Vesaas, Brev til E. Moe, 27. november 1938, *ibid.*

skapte krigen. Byfolket og industriarbeidarane kjenner seg ofte heimlause, dei er ikkje knytte til jorda. (Sitert i O. Vesaas 2007, 104)

Vesaas var, som Duun, sterkt kritisk til Versailles-freden, som han klandra Frankrike for (O. Vesaas 1995, 152). Men akkurat det var ikkje nokon nazispecialitet, og Vesaas skilde heilt lag med Duun og Moren i synet på krig. Han skreiv seinare at den fyrste verdskrigen stod brent i minnet hans: «aldri kvitt det. Ikkje i denne dag. Alt fælt frå den nye storkrigen har ikkje greidd å dukke minna frå 1914. Ein var 17 år» (T. Vesaas [1963] 1997, 14). Reaksjonen hans var pasifisme, og den heldt han fast på heilt til det nye krigsutbrotet. *Ultimatum* er ikkje eit imponerande stykke, verken litterært eller politisk – det er nærast kvinnene som blir gjort til krigshissarar når dei, som han formulerte det til Halldis, «krev at mannen skal gå med song i krig og late seg pinast i hel» (sitert i O. Vesaas 1995, 159). Men pasifisme var i alle høve eit nazistisk anatema, og mellom dei fyrste bannlyste og brente bøkene var *Im Westen nichts Neues* av Erich Maria Remarque.

Pasifismen synest å vere det viktigaste grunnlaget for det som må kallast ei generelt apolitisk haldning hjå Vesaas i denne perioden. Ein kan kalle han «verdikonserverativ» (Baumgartner 1977, 589), men knapt politisk konservativ og i alle fall ikkje nazistisk. Vesaas skilde mellom tysk og nazistisk – i motsetning til for eksempel Sigrid Undset, der antinazisme blei tyskarhat. På det grunnlaget prøvde han også i det lengste å halde oppe eit skilje mellom litteratur og politikk.

Eit borgarleg-konservativt nettverk

Korleis vi skal vurdere det litterære sambandet med Tyskland i denne perioden, har òg mykje å gjere med korleis vi skal forstå det litterære «naziregimet». Var det gjennomkontrollert, eller fanst det autonomi og handlingsrom for å fremje «god litteratur»? I nyare bidrag til bok-, lese- og omsetjingshistorie blir speleromet og kontinuiteten framheva, sjølv innanfor nye grenser sett av eit diktatorisk styre.

Etter den nazistiske maktovertakinga la Riksministeriet for folkeopplysning og propaganda under Josef Goebbels formelt under seg heile åndslivet, men det litterære «naziregimet» var like konflikt- og motsetningsfylt som andre delar av nazistaten. Ei motsetning gjekk mellom partiautoritetane rundt Alfred Rosenberg, som ville ha mest mogleg ideologisk konform litteratur, og ministeriet til Goebbels, som såg at eskapistisk underhaldningslitteratur kunne vere nyttig for staten. Nazistane avskaffa heller ikkje den private marknadsøkonomien, og forretningsinteresser styrte derfor mykje av utgjevingspolitikken også etter 1933 (Van linthout 2018, 25–26, 28).

Overfor omverda prøvde styresmaktene òg å gje inntrykk av at det litterære livet heldt fram som normalt. Det blei frå 1935 laga lister over «skadeleg og uønskt litteratur», men dei var stempla «strengt fortruleg!» for ikkje å gje opphav til kritikk i utlandet. Om Undset heiter det gjerne at ho blei «svartelista» med ein gong i 1933 og snart «forbudt» (Slapgard 2007, 395, 434). Men dei einaste prominente skandinaviske forfattarane på den fyrste lista over uønskt litteratur er den danske kommunisten Martin Andersen Nexø, der forbodet var totalt, og Per Lagerkvist, med *Bøddelen*. Undset kom fyrst på forbodslista i 1940, med «sämtliche Schriften».¹⁴ Det hindra likevel ikkje at ho så seint som i 1943 blei inkludert i biblioteket til eit feltsjukehus for Waffen SS-soldatar. Lista var sett opp av Hans Johst, ein av dei fremste litteraturautoritetane (Adam 2010, 80–81). Naziregimet greidde heller ikkje,

14. Jf. lister over «schädliches und unerwünschtes Schrifttum» 1935–40, [Elektronische Zeitschriftenbibliothek | Liste des schädlichen und unerwünschten Schrifttums \(uni-regensburg.de\)](https://www.elektronische-zeitschriftenbibliothek.de/Liste-des-schädlichen-und-unerwünschten-Schrifttums-uni-regensburg.de); [Universitäts- und Landesbibliothek Bonn / Jahresliste des schädlichen und unerwünschten Schrifttums \(uni-bonn.de\)](https://www.uni-bonn.de/landesbibliothek/bonn/jahresliste-des-schädlichen-und-unerwünschten-schrifttums-uni-bonn.de) (henta 26.10.2021).

som vi har sett, å få ned straumen av omsetjingar dei fyrste åra, langt mindre å endre lesevanane eller å skape ein ny «nazilitteratur». Det naziregimet primært gjorde, var å stengje ute uønskte bøker og forfattarar: jødar, sosialistar, modernistar, «degenererte» osb.

Jødiske forleggjarar og litteraturformidlarar kunne likevel halde fram nokre år til, slik Max Tau er eit døme på. I det nyoppretta «Rikslitteraturkammeret» (Reichsschrifttumskammer) var det enno ei stund mange jødiske medlemmer, men i 1935 skaut utreinskinga fart. Tau blei ekskludert i mars saman med ei stor gruppe som også omfatta Theodor Wiesengrund (Adorno) (Barbian 2015a, 27). «Ariseringa» av forlaga strekte seg over nokre fleire år, for å unngå å øydeleggje økonomiske verdiar eller forstyrre sambandet med utlandet. Tau var konsulent hjå Bruno Cassirer, og dei heldt det gåande med eit smalt «Program der Innerlichkeit» (Wittmann 2015, 298). «Det kommer til å drive over», sa han til Tau, «[d]et gjelder bare å holde kulturen oppe. Sjelden har vi hatt en så stor oppgave» (Tau 1961, 213–214). Tau hadde blitt omvend til norsk litteratur av Knut Hamsun og Gabriel Scott, han hadde arbeidd for Duun, og han ønskte å gje ut nokre Undset-titlar hjå Cassirer. Det var i det høvet han synest å ha blitt kjent med Eilif Moe, då denne kom til Berlin med dei nødvendige kontraktane (Tau 1961, 195).

Av omsyn til inntrykket i utlandet var presset på jødiske forleggjarar noko dempa til etter sommarolympiaden i 1936 (Barbian 2015b, 114). Men i byrjinga av 1937 blei Cassirer ekskludert frå litteraturkammeret, og i 1938 emigrerte han til England, der han døydde i 1941 (Wittmann 2015, 298). Då Cassirer måtte trappe ned, arbeidde Tau uformelt for Universitas, eit forlag som var starta som ein filial av danske Gyldendal i 1920, og som blei drive av Paul von Bergen (Tau 1961, 237, 246, 257). Tau heldt det gåande heilt til pogromane i november 1938, då han så vidt, med norsk hjelp, kom seg ut av landet og til Oslo (Rem 2014, 141–143).

Eilif Moe var advokat og dreiv firma på Lillehammer i kompaniskap med Axel Thallaug. Båe var konservative og aktive i lokalt foreiningsliv og politikk, Thallaug dessutan stortingsrepresentant 1904–1918. Thallaug sat i Nobelkomiteen som gav Carl von Ossietzky fredsprisen i 1936, men det er rekna for sannsynleg at han som høgremann var i mindretalet som røysta mot tildelinga (Stenersen 2000, 19). Moe ser ut til å ha starta litterære forretningar som advokat for Bjørnson-familien og naboen Sigrid Undset. Han spesialiserte seg på opphavsrett og representerte snart Den norske Forfatterforening og ei rekkje av dei fremste norske forfattarane, mellom dei også Duun. Det litterære byrå var ein del av advokatfirmaet.

Vesaas blei kopla på Moe via Alv G. Schelderup i Oslo då Tau og Universitas blei interesserte i *Det store spelet*. I 1936 skreiv Universitas-direktøren Paul von Bergen til Moe:

På ein heller mørk septemberdag kom vår gode Tau strålende som ein vårgud inn her med verket til Vesaas, gav oss alt omsetjingsprøver og virka med entusiasmen sin så eggjande at vi alt i dag, utan å miste ein time og usett, må la Dykk få vite at vi har den aller største interesse for denne forfatteren.¹⁵

Forretningane med Styria i Graz hadde Vesaas ordna sjølv. Han var i ferd med å gjere avtale med dei også om *Det store spelet*, men føretrekte å gå til eit Berlin-forlag då han fekk høve til det. Etter gjennombrotet med denne boka inngjekk Vesaas fast avtale med Det litterære byrå om alle utgjevingar utanfor Norden, eit samarbeid som kom til å vare livet ut. Han hadde greidd seg sjølv så langt, skreiv han, og kunne hatt god bruk for dei 25 prosentane som Moe tok av «eit budsjett som er sett upp med møde».¹⁶ Men han syntest det var urett

15. Universitas, Brev til E. Moe, 22.09.1936, OA, Dlb, Boks 23:1.

16. Ibid.

om han no skulle kome inn og hauste heile utbyttet. Moe hadde dessutan stilt i utsikt at han ville prøve å få til «eitkvart i Amerika».¹⁷ Moe hadde blitt kontakta av ein amerikansk agent om Vesaas, og han hadde sendt *Das große Spiel* til Alfred A. Knopf i New York, forleggjaren til Undset og Hamsun,¹⁸ utan at det kom noko ut av det.

Både på norsk og tysk side av dette nettverket synest haldninga å ha vore at her gjaldt det å halde fram med å formidle god litteratur, ikkje kompromittere seg ved å gå inn på nazibøker, men heller ikkje presse fram det opplagt kontroversielle. Det innebar likevel nokre tilpassingar til nye institusjonar og praksisar. Éin var sensur, men den kunne òg utnyttast kommersielt, på linje med litteraturkritikk. Då Universitas melde om den positive vurderinga frå Reichsstelle zur Förderung des deutschen Schrifttums, meinte dei at denne sikkert ville hjelpe til å introdusere Vesaas. Moe forklarte at «Universitas har [...] et meget stort arbeidsområde og arbeider svært godt med alle reklamens hjelpemidler».¹⁹ Til dette formålet synest dei å ha vurdert estetiske nazidomar berre etter marknadsverdien. I tilsendt reklamemateriell blir det sitert rosande omtaler både frå norske og tyske aviser, i det siste tilfellet med naziorganet *Völkischer Beobachter* på ein prominent plass.²⁰

Dei tyske lanseringane peika òg framover. Vesaas fekk greie på at dei trong eit portrett. «Noko fjes hev eg ikkje no», svarte han, «men eg reiser til Oslo um ein tvo tri dagar, og so fær eg sjå å få laga eit.»²¹ Det blei det fyrste i ei lang rekkje; det er ikkje mange norske forfattarskap som i den grad er assosiert med eit fjes, som det til Vesaas.

Ariseringa av bokhandelen tilpassa dei seg òg på måtar som i ettertid kan verke underleg ettergjevande. Då Cassirer og andre jødiske forleggjarar måtte gje opp, reiste Moe til Berlin for å finne «likesinnede» som kunne overta dei norske forfatarane (Tau 1961, 246). Tau heldt fram med å formidle norsk litteratur til Tyskland frå Oslo; 1938 leidde heller ikkje for han til noko avbrot. Vesaas blei introdusert for ariseringa på mindre dramatisk, men likevel tydeleg vis. Då Universitas enno vurderte å gå vidare med Dyregodt-bøkene, skreiv dei til Moe: «Berre for ordens skuld og fordi vi er forplikta til det, må vi spørje om Herr Tarjei Vesaas er ariar.»²² Moe svarte at Vesaas var «vollblutes Arier» og melde Vesaas same dag at han hadde fått dette spørsmålet, «hvilket jeg straks besvarte med ja».²³ Og medan Universitas var eit ikkje-nazistisk forlag, tinga det likevel om bokklubbutgåver i meir tvilsame kanalar. Hanseatische Verlagsanstalt i Hamburg, der dei prøvde å få plassert Bufast-bøkene, var ein del av det antisemittiske og regimekonforme konglomeratet Den tyske arbeidsfronten (Hachtmann 2020, 426).

Rolla til Tau i dette arbeidet må ha vore med å gjere forfølginga av jødar – og alle andre som blei definerte som «folkefiendar» – om ikkje akseptabel, så i alle fall til noko det var verdt å tole i litteraturens namn. Meir prekärt blei det då nazistytret ikkje lenger var noko som berre eksisterte ute, men blei ein realitet heime.

Krig

Enno våren 1940 kritiserte Vesaas arbeidet for å styrke det norske forsvaret som «denne usmakelege (og upåkravde) agitasjonen med oppattnying av dei ulykkelege frasene som all-

17. T. Vesaas, Brev til E. Moe, 15.11.1937, *ibid.*

18. A.A. Knopf, Brev til E. Moe, 08.06.1937, *ibid.*; M. Saunders, Brev til E. Moe, 17.09.1937, *ibid.*

19. E. Moe, Brev til T. Vesaas, 12.12.1936, *ibid.*

20. Trykt reklamemateriell i *ibid.*

21. T. Vesaas, Brev til E. Moe, 15. desember 1936, *ibid.*

22. Universitas, Brev til E. Moe, 11.10.1938, *ibid.*

23. E. Moe, Brev til Universitas, 20.10.1938, *ibid.*; E. Moe, Brev til T. Vesaas, 20.10.1938, *ibid.*

tid har kalla fram krig» (sitert i O. Vesaas 1995, 197). Di meir sjokkerande må okkupasjonen ha vore. Halldis Moren skriv at ho aldri såg ektemannen så opprørt som 9. april: «No skjønner eg det, heile det djevelske spelet!» (H.M. Vesaas 1974, 96).

I ei seinare utgåve skreiv Vesaas at *Kimen* står «som eit deleteikn. *Det* var ikkje planlagt, men noko så opprivande og utruleg var skjedd, at det førde med seg ein ny skrivemåte, utan vidare» (sitert i O. Vesaas 1995, 201). No blei han òg pådrivar for at forfattarane måtte vise motstandshaldning. Då Ronald Fangen blei arrestert i november 1940, ville Vesaas at Forfatterforeningen skulle sende ein skarp protest: «Skulle det heller gjerast med ein masse av underskrifter, så har De hermed namnet *mitt* til det bruk» (sitert i *ibid.*, 205).

I det tysk-norske kjeldematerialet etter Det litterære byrå er derimot 9. april knapt merkbar: Brevtrafikken mellom Lillehammer og Berlin heldt fram som før. Hausten 1940 skreiv Universitas at det var ei merkeleg tid, med auka etterspurnad etter bøker og på same tid større vanskar med å møte han på grunn av personalmangel, produksjonsvanskar og uvisse med omsyn til kva som kunne gjevast ut.²⁴ Dei var stadig interesserte i gode bøker frå Noreg, skreiv dei.²⁵ I byrjinga av 1941 var Moe glad for å sjå at deira gamle litterære og menneskelege band stadig var levande, og at han kunne arbeide for «alle deine lieben Stammdichter», slik som Vesaas.²⁶

Vesaas ville likevel no reforhandle vilkåra for vidare litterær utveksling. I april 1941 skreiv Moe til Vesaas at han hadde til gode 612 mark frå Universitas, og at han tinga med dei om eit nytt opplag av *Det store spelet*.²⁷ Vesaas svarte at det var godt å høyre at det var pengar i vente: «Likeins med det nye opplaget. Det er så mangt som byd imot no, men detta er avtalar som er gjorde før nokenting kom på, difor er det annleis. Avtalar om nye omsetjingar får stå ut så lenge, har ikkje hug på det.»²⁸ Moe svarte at «[h]va Tyskland angår er jeg enig med Dem».²⁹

Likevel kom dei til å gjere ein framstøyt også med *Kimen*. Vi har sett at både Baumgartner og Vassenden identifiserer ein klår humanistisk norm i *Kimen* som markerer eit eintydig brot med nazivitalistiske element i Bufast-bøkene, i tråd med den brotforteljinga Vesaas sjølv formulerte. Dette brotet er som nemnt problematisert i andre litteraturvitskaplege bidrag, og i materialet eg byggjer på, blir det endå meir uryddig. Det opplevde for så vidt Vesaas alt då boka blei rosande omtalt av Åsmund Sveen både i *Dagbladet* og i Kringkastninga. Sveen hadde meldt seg inn i NS i november 1940, og Vesaas var alt anna enn glad for rosen derifrå. Han skreiv til Inge Krokann at om dette blei tolka slik at «eg og er med», så måtte han finne på noko som gjorde «at tvilen fell bort [...]. Ellers so tenkte eg at *Kimen* skulde vera dokument godt nok i så måte. Det var då meint som eit klageskrift mot vald og råskap, so eg fær ikkje inn i hovudet korleis NS-folk kan knyte det til nyordninga. Eg venta tvertimot at det helst vart inndraging» (sitert i O. Vesaas 1995, 205).

Likevel såg heller ikkje Universitas på *Kimen* som noko umogleg prosjekt, sjølv i Tyskland. Vesaas hadde altså sagt nei til nye utgåver, men det ser ut til at då var ein godkjeningsprosess alt i gang. I november 1941 melde Universitas at dei hadde fått ei positiv konsulentvurdering³⁰ – den kan godt ha vore av Tau. Moe svarte at dei måtte snakke «personleg» saman om Vesaas, akkurat no ville det vere vanskeleg å få han til å selje *Kimen*.³¹ Då var

24. Universitas, Brev til E. Moe, 07.10.1940, OA, Dlb, Boks 42:4.

25. Universitas, Brev til E. Moe, 28.06.1940, *ibid.*

26. E. Moe, Brev til Universitas, 15.01.1941, *ibid.*

27. E. Moe, Brev til T. Vesaas, 01.04.1941, OA, Dlb, Boks 23:1.

28. T. Vesaas, Brev til E. Moe, 04.04.1941, NBO, Brevs. 550.

29. E. Moe, Brev til T. Vesaas, 13.05.1941, OA, Dlb, Boks 23:1.

30. Universitas, Brev til E. Moe, 04.11.[1941], OA, Dlb, Boks 42:4.

31. E. Moe, Brev til Universitas, 12.12.[1941], *ibid.*

boka likevel alt send vidare for godkjenning, og i januar 1942 melde Universitas at den ansvarlege instansen rekna med at det gjekk greitt, og at dei snart ville få det skriftleg.³² I februar fekk dei det dei oppfatta som eit uventa avslag; konsulentane i Reichsschrifttumskammer hadde vore positive, men boka var likevel blitt avvist av «tematiske grunnar», det hadde ikkje noko med forfatternen å gjere, kunne dei forsikre. Dei var blitt rådde til å kome tilbake etter krigen, men ikkje gjere noko meir førebels.³³ Det var beklageleg, svarte Moe, men Universitas hadde i alle fall gjort det dei kunne.³⁴

Fyrst i 1942 kom det eit allment vendepunkt. I mars overtok Tore Hamsun leiinga i Gyldendal, og det markerte ei nazistisk overtaking av «det tradisjonelle systemet». Tore Hamsun var ein venn av Tau, og då han hausten 1940 var i Berlin, hadde han prøvd å hjelpe Det litterære byrå med å få mellom andre Cora Sandel og Sigurd Christiansen gjennom sensuren, utan å lykkast.³⁵ Då han no blei «kommisarisk direktør» i Gyldendal, førte det til forfattarboikott av forlaget. Tidleg på året hadde Vesaas varsla at han var i gang med manus til ei ny bok,³⁶ men då han blei purra i september, svarte han kort: «Nei, det blir nok inga bok i år» (sitert i O. Vesaas 1995, 207).

Eilif Moe blei arrestert 10. oktober 1942 og sat på Møllergata til slutten av februar året etter (*Nordmenn i fangenskap*). Kompanjongen Haakon Thallaug, som hadde etterfølgt faren i 1938, hadde tidleg slutta seg til motstandsarbeidet. Han blei òg arrestert i oktober 1942 og seinare sendt til Sachsenhausen. Då arrestasjonen av norske jødar tok til på same tid, måtte Tau flykte på nytt, denne gongen til Sverige. I Tyskland blei bokproduksjonen stadig vanskelegare. Papir og råstoff blei knappare, og mot slutten av krigen var litteraturproduksjonen heilt diktert av staten, partiet og krigsmakta. Det innebar at det kom stadig færre titlar på stadig færre forlag i stadig større opplag, fyrst og fremst retta mot Wehrmacht (Wittmann 2015, 374) 1. august 1944 blei ny produksjon av skjønnlitteratur heilt stoppa.

Trass i valutarestriksjonar heldt det likevel fram med å kome pengar til Ytre Vinje. Lenge var dei velkomne. Heilt frå byrjinga i 1936 hadde Vesaas stadig purra på oppgjer, og det er klårt at inntektene var eitt viktig motiv bak dei tyske utgåvene. I 1941 kom det tre utbetalningar på til saman 3293 kr, noko som utgjorde nesten ei full norsk «normalløn» det året. I slutten av mai skreiv Vesaas til Moe og takka: «Vi har just så store utlegg no at vi skal nok få bruk for dei.»³⁷

I 1943 kom det ei ny stor utbetaling på 1480 kr og enno i 1944 ein mindre sum på 430. I slutten av 1943 bad Universitas om å få avskrifter av kontraktar og mellomrekningar med Vesaas og Herman Wildenwey etter at dei var bomba. Moe svarte ikkje med ein gong, og i februar 1944 skreiv Universitas at det var like greitt, for no var dei bomba på nytt.³⁸ Men no var også det reint økonomiske hopehavet blitt vanskeleg for Vesaas. Etter den siste utbetalinga i byrjinga av 1944 skreiv han til Moe: «Det er slik at dette er saker som er gjort kontrakt om for mange år sidan, og som liksom må gå sin gang, men ein hadde hatt best hug til å kunna stansa alt saman.»³⁹

Pengane frå Tyskland var også det fyrste spørsmålet han tok opp etter krigen, då oppgjeret i foreningslivet var i gang. I juli 1945 skreiv han til Moe: «Hjarteleg til lykke med denne våren! Men det er det, at eg ikkje veit korleis eg skal sjå på dei bok-honorara som kom sen-

32. Universitas, Brev til E. Moe, 15.12.1941 og 22.01.1942, *ibid*.

33. Universitas, Brev til E. Moe, 20.02.1942, *ibid*.

34. E. Moe, Brev til Universitas, 26.02.1942, *ibid*.

35. Universitas, Brev til E. Moe 17.07.1940; E. Moe, Brev til Universitas, 12.08.1940, *ibid*.

36. F. Lippe, Brev til T. Vesaas, 07.03.1942, NBO, Brevs. 553.

37. T. Vesaas, Brev til E. Moe, 29.05.1941, OA, Dlb, Boks 23:1.

38. Universitas, Brev til E. Moe, 22.12.1943 og 12.02.1944, OA, Dlb, Boks 42:4.

39. T. Vesaas, Brev til E. Moe, 20.01.1944, OA, Dlb, Boks 23:1.

dande frå Universitas og det østerrikske Verlag Styria no under krigen.» Styria hadde trykt opp og seld ut to nye opplag av *Dei svarte hestane*, forklarte han, «sjølvsagt utan å spurt meg», og sendt kontraktmessig honorar «gjennom Clearingen»:

Eg spurde eingong ein forlagsdirektør om ein skulle sende pengane frå Tyskland tilbake, men fekk til svar at det skulle ein ikkje. Ein skulle ikkje gje dei pengar.

No vil eg gjerne høyre korleis De, som er så inni desse sakene, ser på det. Var det all right å ta imot dei pengane som kom sendande slik, og gjer forfattarane det jamt over? Eg har prøvt å vori god jøssing og radioinnehavar, og det ville vori lite moro om ein skulle bli kalla inn til forklaring fordi ein er nemnd i Clearing-protokollen. Noko forhandling om nye opplag har det ikkje vore.⁴⁰

Gjennom sekretæren svarte Moe at han trygt kunne ha desse pengane: «Det gjelder jo her gamle kontrakter.»⁴¹ Inntekter på eit slikt grunnlag blei ikkje tema i foreiningsoppgjæret og kunne vanskeleg bli det.

Då Vesaas skreiv til Moe, var Moe sorenskrivar i Gudbrandsdalen. Der leia han rettsoppgjæret i 1946, før han gjekk tilbake til sakførarfirmaet og Det litterære byrå. Den eine sonen hans var sakna etter bombing av Rennes i Frankrike i 1943. Den andre, Ole Henrik Moe, seinare direktør ved Henie Onstad Kunstsenter, var mellom Oslo-studentane som var arresterte og sende til Sachsenhausen i 1943. Haakon Thallaug blei sleppt fri frå Sachsenhausen i september 1944, saman med Einar Gerhardsen, og sat deretter på Grini til ut i januar 1945 (Gerhardsen 1970, 110–12; *Nordmenn i fangenskap*). Etter frigjeringa var han distriktspolitistjef i Oppland til september 1946. Max Tau slo seg ned i Noreg etter krigen. Faren Nathan var død i 1941, mora Julie var myrda i Auschwitz i 1942.

Grått

Den tyske bokhistoria til Vesaas gjev eit anna bilete av forholdet hans til nazismen enn det fokuseringa på Bufast-bøkene har gjeve. Er det eit kvitare bilete? Eg vil heller kalle det gråare. Det er ytterpolane som har forma oppfatninga av litteraturen under fascismen, med motstandsheltane Øverland, Grieg og Undset på den eine sida og nazisten Knut Hamsun på den andre. Men det var eit stort område mellom desse polane, og der var det mange norske forfattarar som opererte. Her var grensene mellom motstand og samarbeid ikkje alltid så klare, dei varierte frå område til område, og dei endra seg over tid.

Vesaas var ikkje nazist, men han var tyskvennleg, på same tid som den tyske vegen til verdslitteraturen var den best preparerte for norske forfattarar. Det var òg på den vegen Det litterære byrå hadde sitt mest finmaska nettverk. Alt dette disponerte Vesaas for Tyskland, også etter den nazistiske maktovertakinga. Det er lett, men for enkelt å tenkje at det må hefte noko ved all litteratur som kom ut i Tyskland i denne perioden. Shakespeare blei trass alt publisert heile tida, utan at det kalla på radikal nylesing etter krigen. Nokre grupper av forfattarar og forleggjarar blei utestengde med ein gong, slik som kommunistar. Men elles var naziregimet langt frå å utøve nokon total kontroll over publisering og lesing. I det handlingsrommet som stod att, var det fleire forleggjarar som prøvde å halde fram med å forsyne tyske lesarar med det dei oppfatta som verdfull litteratur.

Det innebar nokre kompromiss, og dei blei vanskelegare etter kvart. Etter Holocaust kan tilpassinga til «ariseringa» verke i beste fall naiv, og freistnadene på å halde fram «som normalt» kan virke som bidrag til å legitimere eit autoritært styre som nettopp ønskte å gje inn-

40. T. Vesaas, Brev til E. Moe, 02.07.1945, OA, Dlb, Boks 23:2.

41. E. Moe, Brev til T. Vesaas, 11.07.1945, ibid.

trykk av normalitet. Mot det stod ønsket om å forsyne tyske lesarar med litteratur dei kanskje trong meir enn nokon gong. Vesaas skulle seinare leggje seg på ei restriktiv linje. Han sa nei til utgåver i Sør-Afrika midt på 1960-talet og i Aust-Europa etter invasjonen i Tsjekkoslovakia i 1968. Dette er jo heller ikkje reint historiske spørsmål, men noko vi på ingen måte er ferdige med. Kulturelt samband med autoritære statar reiser stadig problemstillingar som ikkje har enkle svar.

Arkiv

NBO = Nasjonalbiblioteket, Oslo

Brevs. 550 (E. Moe)

Brevs. 553 (Gyldendal, Tore Ørjasæter)

OA, Dlb = Opplandsarkivet, Maihaugen, Det litterære byrå

Boks 23:1-2: Tarjei Vesaas. Korrespondanse 1936-1958.

Boks 42:4: Universitas korrespondanse 1940-1946

Litteratur

- Adam, Christian. 2010. *Lesen unter Hitler. Autoren, Bestseller, Leser im Dritten Reich*. Berlin: Galiani.
- Almgren, Birgitta, Jan Hecker-Stampehl og Ernst Piper. 2008. «Alfred Rosenberg und die Nordische Gesellschaft. Der 'nordische Gedanke' in Theorie und Praxis». *Nordeuropaforum* 2: 7-51.
- Barbian, Jan-Pieter. 2015a. «Die Arbeits- und Lebensbedingungen der Schriftsteller». I Fischer, Wittmann og Barbian, *Geschichte des deutschen Buchhandels im 19. und 20. Jahrhundert*, 7-72.
- . 2015b. «Die organisatorische, personelle und rechtliche Neuordnung des deutschen Buchhandels». I Fischer, Wittmann og Barbian, *Geschichte des deutschen Buchhandels im 19. und 20. Jahrhundert*, 73-160.
- Baumgartner, Walter. 1977. «Det store spelet og Blut und Boden. Mystikk og kritikk i Bufast-bøkene av Tarjei Vesaas». *Syn og Segn* 83: 579-97.
- Bourdieu, Pierre. 1996. *The Rules of Art. Genesis and Structure of the Literary Field*. Oms. Susan Emanuel. Stanford: Stanford University Press.
- Brochmann, Georg. 1952. *Den norske Forfatterforening gjennom 50 år. Et bidrag til norsk åndslivs historie*. Oslo: Den norske forleggerforening.
- Fischer, Ernst, Reinhard Wittmann og Jan-Pieter Barbian, red. 2015. *Geschichte des deutschen Buchhandels im 19. und 20. Jahrhundert*. Bd. 3, *Drittes Reich*, del 1. Berlin: De Gruyter.
- Gerhardsen, Einar. 1970. *Fellesskap i krig og fred. Erindringer 1940-45*. Oslo: Tiden.
- Gimnes, Steinar. 2013. ... *angen frå vår stutte tid. Ein studie i Tarjei Vesaas' forfattarskap*. Trondheim: Akademika.
- Gujord, Heming. 2004. *Juving og medmenneske - en kontekstuell tilnærming til Olav Duuns Juvingfolke*. Dr.art.-avhandling. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Hachtmann, Rüdiger. 2020. «A hard to untangle business conglomerate: The economic empire of the German labour front». *Business History* 62 (3): 421-432. <https://doi.org/10.1080/00076791.2019.1691799>.
- Mertanen, Tomi. 2011. «Tredje rikets gäster. Finländska författare och författarhemmet i Travemünde på 1930-talet». *Historisk Tidskrift för Finland* 96 (4): 392-421.
- Nordmenn i fangenskap 1940-1945*. 2004. 2. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rem, Tore. 2014. *Knut Hamsun. Reisen til Hitler*. Oslo: Cappelen Damm.
- Rem, Tore, Espen Søybe og Kjartan Fløgstad. 2020. *På æren løs. Krigen, litteraturen og Æresretten*. Oslo: Press.
- Ringdal, Nils Johan. 1993. *Ordenes pris. Den norske Forfatterforening 1893-1993*. Oslo: Aschehoug.
- Sapiro, Gisèle. 2014. *The French Writers' War 1940-1953*. Oms. Vanessa Doriott Anderson og Dorrit Cohn. Durham: Duke University Press.
- Slapgard, Sigrun. 2007. *Sigrud Undset. Dikterdronningen*. Oslo: Gyldendal.

- Stenersen, Øivind. 2000. *The Nobel Peace Prize. Some aspects of the decision-making process, 1932–39*. Oslo: Det Norske Nobelinstitut.
- Sturge, Kate. 2004. "The Alien Within". *Translation into German during the Nazi Regime*. München: Iudicium.
- Tau, Max. 1961. *Landet jeg måtte forlate*. Oslo: Aschehoug
- Van linthout, Ine. 2018. «Literary translation from Flemish into German during the Nazi Regime». *Journal of Dutch Literature* 9 (2): 9–34.
- . 2021. Investigating literary translation as a tool for national image construction. I *Translation und "Drittes Reich" II. Translationsgeschichte als methodologische Herausforderung*, redigert av Larisa Schippel og Julia Richter, 215–232. Berlin: Frank & Timme.
- Vassenden, Eirik. 2012. *Norsk vitalisme. Litteratur, ideologi og livsdyrking 1890–1940*. Oslo: Scandinavian Academic Press.
- Vesaas, Halldis Moren. 1974. *I Midtbøs bakkar*. Oslo: Aschehoug.
- Vesaas, Olav. 1995. *Løynde land. Ei bok om Tarjei Vesaas*. Oslo: Cappelen.
- . 2007. *Å vera i livet. Ei bok om Halldis Moren Vesaas*. Oslo: Samlaget.
- Vesaas, Tarjei. (1963) 1997. *Tarjei i tale. Taler, helsingar og prologar*. Red. Olav Vesaas. Oslo: Samlaget.
- Wittmann, Reinhard. 2015. «Literarisch/belletristische Verlage». I Fischer, Wittmann og Barbian, *Geschichte des deutschen Buchhandels im 19. und 20. Jahrhundert*. Bd. 3, *Drittes Reich*, del 1, 295–380.
- Wærp, Lisbeth P. 2009. *Engasjement og eksperiment. Tarjei Vesaas' romaner Huset i mørkret, Signalet og Brannen*. Oslo: Unipub.